



Utval:	<b>Kommunestyret</b>
Møtestad:	Møterommet, Midsund omsorgssenter
Dato:	11.02.2016
Tid:	12:00

**Faste medlemmar som møtte:**

Namn	Funksjon	Parti
Frits Inge Godø	NESTL	V
Arnstein Misund	MEDL	KRF
Odd Helge Gangstad	LEDER	SP
Inger Lise Trønningsdal	MEDL	H
Anette Giæver Hoel	MEDL	SP
Liv Sissel Fanum	MEDL	SP
Bjørn Wang	MEDL	V
Kolbjørn Ove Stølen	MEDL	H
Magne Reiten	MEDL	SP
Ann Kristin Holten	MEDL	V
Lars Joar Hagseth	MEDL	AP
Randi Anna Hånes	MEDL	H
Nora Helen Dyrseth Blø	MEDL	AP
Rolf Kristiansen	MEDL	FRP
Oline Blø	MEDL	AP

**Faste medlemmar som ikkje møtte:**

Namn	Funksjon	Parti
Adrian Sørлие	MEDL	H
Robin Mikal Sørлие	MEDL	H

**Varamedlemmar som møtte:**

Namn	Vara for:	Parti
Aslaug Jenset Sanden	Adrian Sørлие	H
Audun Hånes	Robin Mikal Sørлие	H

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Ketil Ugelvik	Rådmann
Arild Sjøvik	Økonomisjef
Astrid Abelseth	Utvalsekretær

**Underskrift:**

Vi stadfester med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Odd Helge Gangstad

Anette Giæver Hoel

Bjørn Wang

**SAKSLISTE**

<b>Saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkivsaknr</b>
PS 16/3	Underskrift	
PS 16/4	Referatsaker Open post	
PS 16/5	Val av medlemar til Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne	2015/452
PS 16/6	Val av medlemar til Naturbruksnemnda	2015/452
PS 16/7	Oppretting av tømning av avløpsvatn frå bubilar og fritidsbåtar i Midsund	2014/24
PS 16/8	Val av jordskiftemeddommerutvalet til Romsdal jordskifterett 01.01.2017-31.12.2020	2015/590
PS 16/9	Driftstilskot Øyriket 2016	2016/6
PS 16/10	2-årig prosjektstilling investering	2016/41
PS 16/11	Frivilligsentral	2016/65
PS 16/12	Reglement Naturbruksnemd	2016/18
PS 16/13	Delegasjonsreglement Formannskapet i Midsund	2016/27
PS 16/14	Beredskapsoversyn for Midsund kommune 2016	2016/68
PS 16/15	Kommunereforma - retningsval og forhandlingar for Midsund kommune	2014/347
PS 16/16	Folkerøysting Oversendingsforslag frå Høgre – planlegging av utbygging, og vidare renovering av Midsund skule Notat/tilbakemelding til oversendingsforslag frå Høgre i forhold til rusproblematikk og behov for ruskoordinator Notat om status til oversendingsforslag frå Høgre om vidareutdanning for lærarar.	2016/58

Den 11. februar 2016 vart det halde møte i Midsund kommunestyre på møterommet ved Midsund omsorgssenter.

Møtet tok til kl. 12.00.

Møtet vart leia av ordførar Odd Helge Gangstad.

Adrian Sørлие (H), Robin Sørлие (H) hadde meldt forfall. Aslaug Jensen Sanden (H) og Audun Hånes (H) møtte som vararepresentantar.

17 voterande.

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Sakslista vart samrøystes godkjent.

### **PS 16/3 Underskrift**

#### **Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 11.02.2016**

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vert valt Annette Gæver Hoel (SP) og Bjørn Wang (V).

### **PS 16/4 Referatsaker**

#### **Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 11.02.2016**

Protokoll frå møte i Midsund kommunestyre 12.01.2016 vert godkjent.

#### **OPEN POST:**

Rådmannen, ved økonomisjef orienterte om status økonomi.

Rådmannen orienterte om status – busetjing av flyktingar

Ordføraren orienterte:

- Antonbua
- Midsund slekt- og historielag

Kolbjørn Stølen presenterte eit muleg prosjekt: Stein/hellelegging av stien til Rørsethornet og Digergubben.

### **PS 16/5 Val av medlemar til Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne**

#### **Forslag til vedtak:**

Frå brukarorg.:

Medlemar:

Eva Midtbø – HLF

Varamedlemar:

Malla Randi K. Raknes - HLF

Atle Tangen – LHL  
Anne Terese Heggdal

Odd Terje Beinset  
Kjetil Aune

Politisk valte:  
Erna Drønnesund  
???

Varamedlemar:  
???  
???

### **Behandling i Kommunestyret - 11.02.2016**

Valnemnda la fram sitt forslag til vedtak i møtet.

Frå brukarorg.:

Medlemar:  
Eva Midtbø – HLF  
Atle Tangen – LHL  
Anne Terese Heggdal

Varamedlemar:  
Malla Randi K. Raknes - HLF  
Odd Terje Beinset  
Kjetil Aune

Politisk valte:  
Erna Drønnesund  
Russel Davis

Varamedlemar:  
Liv Sissel Fanum  
Asbjørn Ræstad

### **Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 11.02.2016**

Frå brukarorg.:

Medlemar:  
Eva Midtbø – HLF  
Atle Tangen – LHL  
Anne Terese Heggdal

Varamedlemar:  
Malla Randi K. Raknes - HLF  
Odd Terje Beinset  
Kjetil Aune

Politisk valte:  
Erna Drønnesund  
Russel Davis

Varamedlemar:  
Liv Sissel Fanum  
Asbjørn Ræstad

### **PS 16/6 Val av medlemar til Naturbruksnemnda**

**Forslag til vedtak:**

### **Behandling i Kommunestyret - 11.02.2016**

Valnemnda ba om at saka vert utsett

### **Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 11.02.2016**

Saka vert utsett.

### **PS 16/7 Oppretting av tømning av avløpsvatn frå bubilar og fritidsbåtar i Midsund**

**Forslag til vedtak:**

Midsund kommunestyre vedtek å etablerer tømmeasjon for bubilar –og fritidsbåtar etter avtale av 25.01.16. med Midsund Marina.

Finansiering av tømme-stasjonen:  
Investeringa på kr. 190.000,- vert finansiert slik:  
Låneopptak kr. 150.000,-  
Momskompensasjon: kr. 38.000,-

#### **Behandling i Formannskapet - 01.02.2016**

Lars Joar Hagseth ba om å få vurdert sin habilitet, jf forvaltningsl. § 6første ledd bokstav e.

Han vart kjent inhabil med 4-0 røyster.  
4 voterande.

Beløpet for momskompensasjon vart korrigert til 40.000,-

#### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 01.02.2016**

Midsund kommunestyre vedtek å etablerer tømme-stasjon for bubilar –og fritidsbåtar etter avtale av 25.01.16. med Midsund Marina.

Finansiering av tømme-stasjonen:  
Investeringa på kr. 190.000,- vert finansiert slik:  
Låneopptak kr. 150.000,-  
Momskompensasjon: kr. 40.000,-

#### **Behandling i Kommunestyret - 11.02.2016**

Lars Joar Hagseth ba om å få vurdert sin habilitet, jf forvaltningsl. § 6første ledd bokstav e.

Han vart kjent inhabil med 16-0 røyster.  
16 voterande.

#### **Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 11.02.2016**

Midsund kommunestyre vedtek å etablerer tømme-stasjon for bubilar –og fritidsbåtar etter avtale av 25.01.16. med Midsund Marina.

Finansiering av tømme-stasjonen:  
Investeringa på kr. 190.000,- vert finansiert slik:  
Låneopptak kr. 150.000,-  
Momskompensasjon: kr. 40.000,-

#### **PS 16/8 Val av jordskiftedommerutvalet til Romsdal jordskifterett 01.01.2017-31.12.2020**

**Forslag til vedtak:**

## **Behandling i Kommunestyret - 11.02.2016**

Forslag frå valnemnda vart lagt fram på møtet:

<i>Magne Bjørnerem</i>	<i>Anette Giæver Hoel</i>
<i>Kristin Heggdal</i>	<i>Leiv Magne Ugelvik</i>
<i>Anna Lena Røberg</i>	<i>Ottar Håvik</i>
<i>Nils Edvin Sanden</i>	<i>Laila Klauset</i>
<i>Aina Kirkeland</i>	<i>Knut Eivind Lervik</i>

## **Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 11.02.2016**

Magne Bjørnerem	Anette Giæver Hoel
Kristin Heggdal	Leiv Magne Ugelvik
Anna Lena Røberg	Ottar Håvik
Nils Edvin Sanden	Laila Klauset
Aina Kirkeland	Knut Eivind Lervik

## **PS 16/9 Driftstilskot Øyriket 2016**

### **Forslag til vedtak:**

Midsund kommune avslår Øyriket sin søknad om driftstilskot for 2016 .

## **Behandling i Formannskapet - 01.02.2016**

Midsund Høgre la fram alternativt forslag:

1. *Øyriket får tildelt kr 15.000 til driftstilskot no.  
Midsund kommune vurderer å støtte filmprosjekt med kr 70.000 dersom kommunen blir tildelt midler til næringsfond i april/mai.*
2. *Avsetning til disposisjonsfond vert redusert med kr 15.000.*

Ved alternativ røysting vart Høgre sitt forslag samrøystes vedteke.

## **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 01.02.2016**

1. Øyriket får tildelt kr 15.000 til driftstilskot no.  
Midsund kommune vurderer å støtte filmprosjekt med kr 70.000 dersom kommunen blir tildelt midler til næringsfond i april/mai.
2. Avsetning til disposisjonsfond vert redusert med kr 15.000.

## **Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 11.02.2016**

1. Øyriket får tildelt kr 15.000 til driftstilskot no.  
Midsund kommune vurderer å støtte filmprosjekt med kr 70.000 dersom kommunen blir tildelt midler til næringsfond i april/mai.
2. Avsetning til disposisjonsfond vert redusert med kr 15.000.

## **PS 16/10 2-årig prosjektstilling investering**

### **Forslag til vedtak:**

Midsund kommune opprettar ei 2-årig prosjektstilling for gjennomføring av planlagde investeringar.

Rådmannen får løyve til å avgjere kva for prosjekt som skal finansiere stillinga.

Finansiert frå investeringsprosjekta.

### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 01.02.2016**

Midsund kommune opprettar ei 2-årig prosjektstilling for gjennomføring av planlagde investeringar.

Rådmannen får løyve til å avgjere kva for prosjekt som skal finansiere stillinga.

Finansiert frå investeringsprosjekta.

### **Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 11.02.2016**

Midsund kommune opprettar ei 2-årig prosjektstilling for gjennomføring av planlagde investeringar.

Rådmannen får løyve til å avgjere kva for prosjekt som skal finansiere stillinga.

Finansiert frå investeringsprosjekta.

## **PS 16/11 Frivilligsentral**

### **Forslag til vedtak:**

Midsund kommune etablerar frivilligsentral i Midsund.

Frivilligsentralen vert etablert som ein del av servicekontoret.

Administrasjonen legg fram ei eiga sak om organisering, drift og retningsliner for frivilligsentralen.

### **Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 11.02.2016**

Midsund kommune etablerar frivilligsentral i Midsund.

Frivilligsentralen vert etablert som ein del av servicekontoret.

Administrasjonen legg fram ei eiga sak om organisering, drift og retningsliner for frivilligsentralen.

## **PS 16/12 Reglement Naturbruksnemnd**

### **Forslag til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner vedlagt reglement og delegasjonsreglement for Naturbruksnemnda.

### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 01.02.2016**

Kommunestyret godkjenner vedlagt reglement og delegasjonsreglement for Naturbruksnemnda.

### **Behandling i Kommunestyret - 11.02.2016**

Det vart lagt fram forslag om eit tillegg til tilrådinga frå Formannskapet:  
*I perioden fram til ny Naturbruksnemnd er vald, fungerer Formannskapet som Naturbruksnemnd i Midsund.*

### **Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 11.02.2016**

Det vart lagt fram forslag om eit tillegg til tilrådinga frå Formannskapet:  
I perioden fram til ny Naturbruksnemnd er vald, fungerer Formannskapet som Naturbruksnemnd i Midsund.

### **PS 16/13 Delegasjonsreglement Formannskapet i Midsund**

#### **Forslag til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner endringane i pkt 4 i delegasjonsreglementet for formannskapet. Nytt pkt 4 i delegasjonsreglementet følgjer saka som vedlegg.

### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 01.02.2016**

Kommunestyret godkjenner endringane i pkt 4 i delegasjonsreglementet for formannskapet. Nytt pkt 4 i delegasjonsreglementet følgjer saka som vedlegg.

### **Behandling i Kommunestyret - 11.02.2016**

Det vart lagt fram forslag om å utsette saka.

### **Vedtak i Kommunestyret - 11.02.2016**

Saka vert utsett.

### **PS 16/14 Beredskapsoversyn for Midsund kommune 2016**

#### **Forslag til vedtak:**

Midsund kommune vedtek heilheitleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS), kommunen sin beredskapsplan og beredskapsoversyn slik det ligg føre, jf Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) Kap. V.

### **Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 11.02.2016**

Midsund kommune vedtek heilheitleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS), kommunen sin beredskapsplan og beredskapsoversyn slik det ligg føre, jf Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) Kap. V.



## **PS 16/15 Kommunereforma - retningsval og forhandlingar for Midsund kommune**

### **Forslag til vedtak:**

1. Midsund kommunestyre vil starte forhandlingar med kommunar i Romsdalregionen med føremål å kome til einigheit om framlegg til intensjonsavtale for etablering av ein ny og større kommune.
2. Midsund kommunestyre vil starte forhandlingar med Aukra med føremål å kome til einigheit om framlegg til ein intensjonsavtale for etablering av ein ny og større kommune.
3. Forhandlingsutvalet får mandat til å framforhandle ein intensjonsavtale. Framlegget til intensjonsavtale skal skissere løysingar på politiske og administrative hovudutfordringar og på korleis ein ny kommune kan sjå ut. Intensjonsavtalen skal vere så tydeleg at han gir tilstrekkeleg grunnlag til å høyre innbyggerane ved rådgivande folkerøysting.
4. Dersom forhandlingsutvalet har behov for avklaringar under forhandlingane, kan gruppeleiarar, formannskap og evt. kommunestyret innkallast til eige drøftingsmøte.
5. Det vert gjennomført rådgivande folkerøysting måndag 25.april.

### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 01.02.2016**

1. Midsund kommunestyre vil starte forhandlingar med kommunar i Romsdalregionen med føremål å kome til einigheit om framlegg til intensjonsavtale for etablering av ein ny og større kommune.
2. Midsund kommunestyre vil starte forhandlingar med Aukra med føremål å kome til einigheit om framlegg til ein intensjonsavtale for etablering av ein ny og større kommune.
3. Forhandlingsutvalet får mandat til å framforhandle ein intensjonsavtale. Framlegget til intensjonsavtalane skal skissere løysingar på politiske og administrative hovudutfordringar og på korleis ein ny kommune kan sjå ut. Intensjonsavtalen skal vere så tydeleg at han gir tilstrekkeleg grunnlag til å høyre innbyggerane ved rådgivande folkerøysting.
4. Dersom forhandlingsutvalet har behov for avklaringar under forhandlingane, kan gruppeleiarar, formannskap og evt. kommunestyret innkallast til eige drøftingsmøte.
5. Det vert gjennomført rådgivande folkerøysting måndag 25.april.

### **Behandling i Kommunestyret - 11.02.201**

Ordføraren informerte om at det var kome ei henstilling frå Rauma kommune om deltaking i forhandlingar om stor Romsdal.

Det vart halde 10 min gruppemøte og deretter vart det samrøystes vedteke å ynskje Rauma kommune velkomen inn i forhandlingar om stor Romsdal.

Høgre la fram forslag til eit nytt pkt 6 i forslag til vedtak:

*Det vert gjennomført innbyggerundersøkelse etter at folkeavstemming er avholdt.*

Arbeiderpartiet la fram forslag om ei siste setning i pkt 6:

*Utarbeidde spørsmål i denne bør leggjast fram for kommunestyret før gjennomføring.*

## **Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 11.02.2016**

1. Midsund kommunestyre vil starte forhandlingar med kommunar i Romsdalregionen med føremål å kome til einigheit om framlegg til intensjonsavtale for etablering av ein ny og større kommune.
2. Midsund kommunestyre vil starte forhandlingar med Aukra med føremål å kome til einigheit om framlegg til ein intensjonsavtale for etablering av ein ny og større kommune.
3. Forhandlingsutvalet får mandat til å framforhandle ein intensjonsavtale. Framlegget til intensjonsavtale skal skissere løysingar på politiske og administrative hovudutfordringar og på korleis ein ny kommune kan sjå ut. Intensjonsavtalen skal vere så tydeleg at han gir tilstrekkeleg grunnlag til å høyre innbyggerane ved rådgivande folkerøysting.
4. Dersom forhandlingsutvalet har behov for avklaringar under forhandlingane, kan gruppeleiarar, formannskap og evt. kommunestyret innkallast til eige drøftingsmøte.
5. Det vert gjennomført rådgivande folkerøysting måndag 25.april.
6. Det vert gjennomført innbyggerundersøkelse etter at folkeavstemming er avholdt. Utarbeidde spørsmål i denne bør leggest fram for kommunestyret før gjennomføring.

## **PS 16/16 Folkerøysting**

### **Forslag til vedtak:**

1. Kommunestyret vel formannskapet som valstyre, jf vallova § 4-1.
2. Midsund kommune vel å gjennomføre folkerøystinga i fire valkrinsar.
3. Kommunestyret delegerer til valstyret til å opprette røystestyre, jf vallova §4-2
4. Kommunestyret set nedre grense for å stemme til dei som er fødte i år 2000.
5. Stemmeretten vert avgrensa til å gjelde dei som budde innanfor kommunegrensa per 01.01.2016.
6. Det vert høve til førehandsrøysting i perioden 04.04 - 23.04.2016, jf vallova §8
7. Røystedagen er vallokala opne frå kl 14.00 -20.00 .

## **Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 11.02.2016**

1. Kommunestyret vel formannskapet som valstyre, jf vallova § 4-1.
2. Midsund kommune vel å gjennomføre folkerøystinga i fire valkrinsar.
3. Kommunestyret delegerer til valstyret til å opprette røystestyre, jf vallova §4-2
4. Kommunestyret set nedre grense for å stemme til dei som er fødte i år 2000.
5. Stemmeretten vert avgrensa til å gjelde dei som budde innanfor kommunegrensa per 01.01.2016.
6. Det vert høve til førehandsrøysting i perioden 04.04 - 23.04.2016, jf vallova §8
7. Røystedagen er vallokala opne frå kl 14.00 -20.00 .

## **Oversendingsforslag frå Høgre – planlegging av utbygging, og vidare renovering av Midsund skule.**

3. avsnitt vart foreslått tatt ut. Arbeidarpartiet la fram forslag til eit siste avsnitt:  
*Forhandlingsutvalet legg fram utbygging og vidare renovering av Midsund skule i forhandlingane med Aukra kommune og kommunane i Romsdalsregionen.*  
*Ein avtale må garantere for at utbygginga blir gjennomført ut frå ei kostnadsramme framlagt av Midsund kommune.*

**Oversendingsforslaget med endringar vart samrøystes vedteke.**

**Notat frå rådmannen om ruskoordinator vart tatt til vitande.**

**Notat frå rådmannen om vidareutdanning for lærare vart tatt til vitande.**

**Møtet vart heva kl. 16.35.**